

NR. 2

MARS 1990

23. ÅRG

Panfløyte-konsert på Kyrkjelydsveka

Kyrkjelydsveka for Arna prestegjeld frå 13. til 18. mars vil verta prega av salmar, song og musikk. Den kjende panfløytisten Roar Engelberg skal fredag 16. mars ha konsert i Arna kyrkje saman med Stein-Erik Olsen på klassisk gitar. Den kjende salmediktaren Svein Ellingsen, som har skriva ei rad av dei nye salmane i salmeboka, vert også med på Kyrkjelydsveka. Torsdag 15. mars skal han på møtet i Arna bedehus fortelja korleis han arbeidar når han lagar tekstane. «I salmediktarens verkstad» er tittelen på dette møtet. Under siste dag av kyrkjelydsveka, søndag 18. mars, vert det salmekveld med Svein Ellingsen i Ytre Arna kyrkje. Då skal Ellingsen sine salmar framførast.



Sjå side 8 og 9

**Konfirmant-
aksjon mot
rus og vold.**

Side 6 og 7

Ikon i Takvam

Ikonmaleriet som nå skal plasserast i Takvam kapell blir trolig det eneste i sitt slag i heile Norge. Det er Solveig Nes, en av de få ikonkunstnerne vi har her i landet som har laget det sjeldne kunstverket.

Se side 3

JESU VEI - KORSETS VEI

Matt. 16.21-23.

Fra den tid begynte Jesus Kristus å gjøre det klart for disiplene at han måtte dra til Jerusalem, og at de eldste, overprestene og de skriftlærde skulle la ham lide mye. Han skulle bli slått i hjel, og den tredje dagen skulle han oppstå. Da tok Peter ham til side og gav seg til å irettesette ham: «Gud fri deg, Herre! Dette må ikke hende deg». Men Jesus snudde seg og sa til Peter: «Vik bak meg, Satan! Du vil føre meg til fall. Du har ingen sans for det som Gud vil, bare for det som mennesker vil».

Jesus legger her bokstavelig talt om reiseruten. Han har vandret mot nord, og er kommet i området Cesarea Filippi, og lenger nord kom han aldri. Fra nå av er kursen klar - reisen går sørover til Jerusalem. Vi leser her for første gang i Matteusevangeliet at Jesus prøver å forklare disiplene at han nå drar til Jerusalem for å lide mye og dø. Senere i Matt. 17.22-23. og kap. 20.17-19 leser vi at Jesus tar disiplene til sides og gjentar dette.

Tidligere har Jesus mest lagt vekt på at han er Messias, Frelseren som skulle komme. Nå peker han på DEN LIDENDE MESSIAS. Likevel ser vi at disiplene har store problemer med å skjønne dette, og aller minst godta det. I vers 22 møter vi den ivrige Peter som tar Jesus til side og sier: «Dette må aldri skje deg». Det er som om Peter holder vei-skillet: «EN ANNEN VEI» som peker bort fra Korsets vei.



Her ser vi at Djevelen bruker en disippel som sitt talerør for å prøve å hindre Jesus fra å gå til korset. Men Jesus sier: «Vik bak meg, Satan! Du er til anstøt for meg, for du har ikke sans for det som hører Gud til, bare det som hører menneskene til».

Skiltet: «EN ANNEN VEI», møter også vi på livsveien i dag. Satan vil hindre oss fra å finne fred med Gud, og bruker all sin list til å få oss bort fra Korsets vei. Vi har vel like lite «sans for det som hører Gud til», som Peter hadde. Måtte vi nå i fastetiden lese mye i Guds ord, og be om at Herren selv forklarer oss korsets gåte. Når ordet om korset åpenbares, ser vi dette: HAN DØDE FOR MEG. Dette er det eneste vi kan bygge på både i liv og død: JESUS DØDE FOR MEG.

Visst skal våren komme

Visst skal våren komme heiter ein song-samling som Arna kyrkjekor saman med Sund kyrkjekor og Ytre Arna kyrkjekor samt nokre enkeltpersonar frå prosjekt-koret for tida arbeider med. Det vert konsert med dette verket i Arna kyrkje 25. mars kl. 19.30.

Styret i Arna kyrkjekor med dirigent Ellen Øgård i spissen har tatt initiativet til prosjektet og inviterte dei andre kora til å vere med. Songsamlinga er forhaldsvis ny og er skreven av Eyvind Skeie og Sigvald Tveit. Den omfattar i alt 11 songar.

Bibeltekstar frå Johannes Åpenbaring vert lest mellom songane og er grunnlag for heile samlinga. Det er fine melodiar og eit godt budskap som lett fell i smak meiner Ellen Øgård.



Visst skal våren komme, slår dirigent Ellen Øgård fast.

Song- og musikk- møte

Søndag 25. mars kl. 18.00 vert det song- og musikk-møte på Bedehuset i Ytre Arna.

Det blir song av Sangevangelistane frå Åsane — Ytre Arna musikk- og Ingunn og Alf-Magnus Tysse frå Osterøy. Andakt av ungdomssek. Asle Hetlebakke.

Inntekten av konserten skal gå til nybygget på Raknestunet og Sætervika.

Eldretreff

I samband med kyrkjelydsveka vert det Eldretreff i Indre Arna bedehus fredag 16. mars kl. 16.00.

Laksevåg Pensjonistkor med dirigent Rolf Aardal deltek, og det vert eit variert program med mellom anna trekning av gratistur til Hardanger. Andakt ved res. kap. Sundsbø.

Treng du skyss, kan du ringja Reidun Bjørnberg 24 39 67. Alle eldre er velkomne.

125-årsjubileum for Arna kyrkje

125-årsjubileet for Arna kyrkje er fastsett til søndag 2. desember 1990, som er 1. søndag i advent. Det er denne søndagen som ligg nærast vigslingsdatoen for kyrkja. Ei komite er i ferd med å førebu kyrkjejubileet. Utsendingar Ingvard Hageberg er valgt til utsending for Arna sokn til bispedømmemøtet i Bergen 26.-28. april. Jan Marius Olsen og Oddmund Bildøy er valgt til vararepresentantar. På bispedømmemøtet skal det mellom anna velgast nytt bispedømmeråd for Bjørgvin for komande fireårsperiode.


Ikon til Takvam kapell

Til høyre er et fotografi av ikonmaleriet som skal bli ny altertavle i Takvam kapell. Ikonmaleriet er malt av Solrunn Nes, som er en av de få ikonkunstnerne vi har her til lands. Dersom alt går i orden blir altertavlen innviget før påske. Den blir da trolig den eneste i sitt slag i hele Norge. Tavlekorset passer utmerket godt i Takvam Kapell og motivet er svært sentralt innen den kristne tro.

Bakvendtland

Matteus-evangeliet tegner et bilde av Guds rike som et bakvendtland der de minste er de største, der de siste er de første, der syndere blir rettferdige og hvor fattige blir rike. Det er professor Hans Kvalbein på Menighetsfakultetet som sier dette til MF-organet «Lys og liv» etter at han er ferdig med å skrive en to-binds kommentar til Matteus-evangeliet.

I og med utgivelsen av Matteus-kommentaren er det store kommentarverket kalt Bibelverket fullført. 1 sp. Miljøvern i 1990-årene Engasjementet i miljøspørsmål er sterkt nå ved inngangen til 1990-årene.



GRAVSTENER

Norsk lys granitt med
brønsbokstaver.

Også andre stentyper.

Rimelige priser.

Oppsetting og transport
med i prisen.

Ta kontakt -
også kveldstid.

ARILD MJELDE
MONUMENTHOGERI
5248 HAUS TLF. 39 00 67

BLOMSTER

til enhver anledning!
Ring vår blomstertlf.

24 25 95

 **a.s. Sarepta**
5260 Indre Arna

**Presten
har
ordet**

Kjell Nese



Forbønsgudsteneste

Tysdag 13. mars kl. 19.30 er det forbønsgudsteneste i Arna kyrkje. Det var ei slik gudsteneste for eit års tid sidan. Dei som var med då kjenner litt til korleis ei slik gudsteneste er lagt opp. Vi har ei fast ordning som vi brukar.

Det er først plass for almenne forbøner. Her kan ein og ta inn meir spesielle forbønsemner. Framlegg til slike bønsemner kan sendast inn eller leverast til prestane ei tid før gudstenesta. Begge prestane vert med ved denne gudstenesta.

Så er det forbøn for einskildpersonar. Dei som ynskjer slik forbøn kan senda inn namnet sitt og konkretisera den åndelege eller lekamlege situasjonen ein ynskjer for-

bøn for. Det er då forbøn med namns nemning. Det er den som sjølv ynskjer slik forbøn som sjølv må senda inn namnet sitt eller ber presten personleg om slik forbøn.

Endeleg er det forbøn med handspålegging. Dei som ynskjer slik forbøn knealar på altarringen. Her treng ein ikkje nemna namnet, men om ein ynskjer det kan namnet nemnast under handspålegginga. Om det er spesielle ting ein ynskjer skal nemnast under forbøna ved altaret kan ein levera ein lapp om det. Vil ein at namnet skal nemnast leverer ein namnelapp. Om ein ikkje vil at namnet skal nemnast, og heller ikkje vil at spesielle personlege ting skal nemnast kan ein sjølv sagt vera med ved knefallet. Då er det ei fast formulert bøn som vert brukt, til dømes denne:

«Må Gud Den Heilage Ande, som er Herre og Livgjerar, Gje deg (NN) helse til lekam og sjel, og nyskapa deg ved trua til det liv som aldri forgår.»

Har ein vanskar av noko slag som ein ynskjer å samtale om på førehand kan ein kontakta Sundsbø eller Nese. Elles vil vi vera i kyrkja frå kl. 18.30. Like eins har vi treffetid etter gudstenesta om det er noko ein vil snakke om.

Vi ynskjer velkomen til forbønsgudsteneste. Vi treng å be for og med kvarandre.

Kjell Nese.

Tannlege MNTF

LINE BORJA

tar imot pasienter i det nye Kyrkjelydshuset ved Indre Arna kirke.

Tlf. 24 02 46
mellom 8-15.30.

Kveldstid og lørdager etter avtale.

Påskenasgudsteneste i Arna kyrkje

Det vert påskenasgudsteneste i Arna kyrkje også i år. Gudstenesta tek til påskenaften, laurdag 14. april, klokka 23.15. Det er førstelektor Arve Brunvoll som har lagt opp gudstenesta. Sokneprest Nese og res. kap. Sundsbø vert også med. Eit samansett kor tek del under gudstenesta.

Konfirmantaksjon mot rusmidler, krim og vold

Av kateket Erik Rodal

Konfirmantene i Indre Arna og på Garne er i vår med i en tjenesteaksjon mot rusmidler, kriminalitet og vold.

Tjenesteaksjonen er primært en støtte- og solidaritetsaksjon for Kalfarkollektivet i Bergen. Det er et bokollektiv for kriminelt belastede rusmiddelmissbrukere.

Gjennom tjenesteaksjonen ønsker vi også å gi kunnskap og informasjon om hva rusmidler er og hvordan de virker. Vi vil også peke på sammenhengen mellom rusmidler, kriminalitet og vold. Og med dette som utgangspunkt, arbeide med holdninger til rusmidler.

Rusmiddelsamfunn

Våre unge skal vokse opp i et rusmiddel-samfunn. De vokser opp i et samfunn hvor tilgangen og bruken av rusmidler, både lovlige og ulovlige, stadig øker. Og ikke minst på bakgrunn av den klare sammenheng det er mellom rusmidler, kriminalitet og vold, er det kanskje på tide at vi som voksne stiller oss selv spørsmålet: «Er det et slikt samfunn vi ønsker for våre barn»? For de flestes vedkommende er vel svaret «Nei». Et viktig spørsmål også for oss er derfor hvilken holdning vi vil ta til rusmidler.

Hasj — lettere å få tak i for unge enn sprit

Påstanden er lensmannsfullmektig Espen Erdal på Arna lensmannskontor sin. Han kom med den under en panelsamtale om «Rusmidler i lokalmiljøet» i forbindelse med den pågående tjenesteaksjonen. Espen Erdal kunne også fortelle at ca. 85 prosent av alle innbrudd som ble begått i Arna, ble begått for å skaffe seg penger til stoff.



Hans Inge Fagervik var nylig med på ein gospel-konsert i Arna kyrkje som ein del av konfirmant-aksjonen mot rusmidler, kriminalitet og vold.

Likevel mente han at Arna var den av bydelene i Bergen som hadde minst problemer med stoff. Det er fordi vi i Arna ikke har et etablert brukermiljø, men først og fremst sporadiske tilfeller. Han var imidlertid opptatt av at dette fort kunne snu seg fordi «typene» etablerte seg i Arna og skapte et miljø rundt seg. Da kan situasjonen snu seg i løpet av få uker.

Solidaritetsaksjon for Kalfarkollektivet

Ved siden av å gi informasjon om rusmidler og arbeidet med holdninger til dem, er tjenesteaksjonen mot rusmidler, kriminalitet og vold, også en solidaritetsaksjon for Kalfarprosjektet i Bergen.

Kalfarprosjektet er et helhetlig behandlingsopplegg for unge, kriminelt belastete rusmiddelbrukere.

Det var tidligere fengselsprest Kjell Grønner som startet det hele. Han ble frustrert fordi de samme ungdommene dukket opp i fegslet igjen og igjen. De kom inn i en nedbrytende runddans — kriminelt miljø — kriminelle handlinger — soning — og tilbake til det kriminelle miljø. Kjell Grønner ønsket å bryte denne runddansen for noen av ungdommene og la dem få mulighet til å starte på nytt. Slik ble ideen om et kollektiv unnfanget. Kjell Grønner ble selv kollektivets første leder.

I tillegg til det oppsøkende arbeid i fengslene og kollektivet i Kalfarveien, har de nå også fått en villa i Conrad Mohrs vei på Minde. Her er det innredet små leiligheter.

Tanken er at de som har bodd i Kalfarkollektivet skal trene og utvikle seg videre mens de er på utkikk etter noe eget.

Fra gamle til nye venner

Frivillighet er et nøkkelord for Kalfarkollektivet. Det er imidlertid beintøft for de som blir med. Ikke bare må de slutte med rusmidler av alle slag, men de får også beskjed om å bryte med gamle venner. De

ansvarlige har derfor hele tiden vært opptatt av å føre beboerne inn i et nytt miljø. Alle er med i et kor, en klubb eller en annen positiv aktivitet. Grønner har mer og mer blitt opptatt av å trekke utenforstående inn i denne delen av arbeidet. Menighetene har her blitt trukket fram som en mulig ressurs. Hvis den enkelte menighet kan ta ansvar for en eller to av disse ungdommene, ville det bli en mangdobling av antall omsorgspersoner.

En utstrakt hånd

Som sikkert mange kjenner til fra avisene har Kalfarkollektivet slitt med økonomiske problemer. De trenger derfor sårt til den økonomiske hjelp som vi kan gi dem. Ellers kan de komme i den situasjonen at fem ungdommer igjen må settes på gata fordi vi ikke ser dette arbeidet som viktig nok. Jeg ber derfor alle de som bor i Arna menighet være med å støtte Kalfarprosjektet og de unge som er avhengig av det for å få tilbake et menneskeverdig liv.

Lørdag 17. mars vil konfirmantene komme rundt på dørene og selge gavebrev til inntekt for Kalfarkollektivet. Gavebrevene koster 20 kroner stykket og det er fullt mulig å kjøpe mer enn ett.

Livet er bedre enn rusen

Samme kveld, lørdag 17. mars, kan konfirmantene også innby til temagudstjeneste over temaet «Livet er bedre enn rusen» kl. 19.00 i Arna kirke. Vi ønsker alle velkommen til dem.

Salmar og panfløyte på Kyrkjelydsveka

Kyrkjelydsveka for Arna prestegjeld frå 13. til 18. mars vil verta prega av salmar, song og musikk. Den kjende panfløytisten Roar Engelberg skal fredag 16. mars ha konsert i Arna kyrkje saman med Stein-Erik Olsen på klassisk gitar. Konserten vert halden med stønad frå Rikskonsertane, og det vert førehandssal av billetter på Arna kyrkjekontor. Den kjende salmediktaren Svein Ellingsen, som har skrive ei rad av dei nye salmane i salmeboka, vert med. Torsdag 15. mars skal han på møtet i Arna bedehus fortelja korleis han arbeidar når han lagar tekstane. «I salmediktarens verkstad» er tittelen på dette møtet. Under siste dag av kyrkjelydsveka, søndag 18. mars, vert det salmekveld med Svein Ellingsen i Ytre Arna kyrkje. Då skal Ellingsen sine salmar framførast. Om ettermiddagen søndag 18. mars vert det ein annan kjend sal-

mediktar som står i sentrum for interessea i Arna kyrkje. «Strengen er all gull» er tittelen på Grundtvig-kabareten som sokneprest Svein E. Kvamsdal framfører saman med organist Eli Johanne Rønnekleiv, Prosjektkoret og Asbjørn Flåm. Laurdag 17. mars vert det barnekortreff i Arna kyrkje på ettermiddagen. Bibelspelet «Den rike mann og Lasarus» av Egil Hovland og Britt G. Hallquist vert då framført. Solist er Tove Dorthea Fossedal. Fredag 16. mars vert det eldretreff i Arna bedehus klokken 16.00. Kyrkjelydsveka startar med forbøns gudsteneste tysdag 13. mars klokka 19.30 i Arna kyrkje. Onsdag 14. mars held prost Kaare Nødtvedt bibeltime over emnet «Den gode strid». Laurdag vert det samtalegudsteneste over emnet «Livet er betre enn rusen».

10.000 dugnadstimar på Kyrkjelydshuset

Arbeidet med Kyrkjelydshuset har gått jamnt framover ved ein imponerende dugnadsinnsats. Ved nyttårstider runda ein 10.000 dugnadstimar fordelt på heile anleggsperioden, skriver Arna sokneråd i si årsmelding for 1989.

Soknerådet har hatt 12 møter med tilsaman 179 saker på sakskartet.

Også i 1989 har arbeidet med Kyrkjelydshuset vore den oppgåva som har tatt mest tid. Organisering av dugnaden, arbeid med låneopptak, forhandlingar om leigeavtale, arbeid med sambruksavtale og vedtekter for eldresenteret har vore viktige delmål for å fullføra bygget og sikra ein god bruk i framtida.

Leiar for byggenemnda, Ingmar Ljones, opplyste på soknemøtet der årsmeldinga vart lagt fram at det til no er brukt 2 million kroner på Kyrkjelydshuset. Men samstundes er verdien av huset 5 million kroner. Det kommunale utval for teknisk utbygging har godkjent at tomte som Kyrkjelydshuset står på kan skiljast ut som eiga tomt. Dette vert gjort for at det skal verta mogeleg å ta opp lån til ferdiggjering av huset.

Eldresenteret nærmar seg no ferdiggjering. Bygget skal etter planen stå ferdig til å takast i bruk i månadsskiftet oktober/november.

Kyrkjelydsveka i Arna 13. – 18. mars 1990

Tysdag 13. mars:

Forbøns gudsteneste.
Song ved Johannes Lyngset.
Arna Kyrkje kl. 19.30

Onsdag 14. mars:

Bibeltime ved Prost Kaare Nødtvedt:
"Den gode strid".
Kyrkjekoret.
Arna kyrkje kl. 19.30

Torsdag 15. mars:

Svein Ellingsen: "I salmedikterens verksted".
Kyrkjekoret. Kaffi.
Arna bedehus kl. 19.30.

Fredag 16. mars:

Eldretreff.
Arna Bedehus kl. 16.00.
Konsert ved Roar Engelberg, panfløyte,
og Stein-Erik Olsen, klassisk gitar.
Bill.: Vaksne kr. 60,-. Born kr. 40,-.
Førehandssal Arna kyrkjekontor.
Med stønad frå Rikskonsertane.
Arna kyrkje kl. 19.30.

Laurdag 17. mars:

Barnekortreff. "Den rike mann og Lasarus",
bibelspel av Egil Hovland og Britt G. Hallquist.
Solist: Tove Dorthea Fossedal.
Ved pianoet Jarle Rotevatn. Dir. Asbjørn Flåm.
Arna kyrkje kl. 16.00.


Temagudsteneste. "Livet er betre enn rusen".
Keryx. Samtalegudsteneste.
Arna kyrkje kl. 19.00

Sundag 18. mars:

Familiegudsteneste ved Harald Sundsbø.
Barnekantoret. Offer til Israelmisjonen. Kyrkjekaffi.
Arna kyrkje kl. 11.00.

"Strengen er av Gull". Grundtvigkabaret ved sokneprest Svein E. Kvamsdal og organist Eli Johanne Rønnekleiv. Prosjektkoret m. fl. Dir. Asbjørn Flåm.
Arna kyrkje kl. 17.00.

Salmekveld med Svein Ellingsen.
Ytre Arna kyrkje kl. 19.00



Velkommen til kyrkje

- Mars 11.** 2. s. i faste — Luk 7, 36-50.
Arna kl. 11. Sokneprest Nese. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
Ytre Arna kl. 11. Innvandrerpastor Stig Magne Heitmann. Nattverd.
Takkoffer til kristent innvandrersarbeid. Kyrkjekaffi.
- Mars 13.** Arna kl. 1930. Forbønsgudsteneste. Sundsbø og Nese. Song ved Johannes Lyngset.
- Mars 14.** Arna kl. 1930. Bibeltime ved prost Kaare Nødtvedt. Arna kyrkjekor.
- Mars 16.** Arna kl. 1930. Konsert ved Roald Engelberg, Panfløyte og Stein-Erik Olsen, klassisk gitar.
- Mars 17.** Arna kl. 16. Barnekortreff. «Den rike mann og Lasarus». Bibelspel av Egil Hovland og Britt G. Hallquist.
Arna kl. 19. Temagudsteneste. Kateket Erik Rodal. «Livet er betre enn rusen». Keryx.
- Mars 18.** 3. s. i faste — Luk. 4, 31-37.
Arna kl. 11. Familiegudsteneste. res.kap. Sundsbø. Borna sin misjonsdag. Takkoffer til Misjonsselskapet. Kyrkjekaffi.
Trengeid kl. 11. Familiegudsteneste. Sokneprest Nese. Utdeling av Borna si Kyrkjebok til 4-åringane. Samtale med konfirmantane. Takkoffer til IKO.
Arna kl. 17. Grundtvigkabaret. Sokneprest Svein E. Kvamsdal og organist Eli Johanne Rønnekleiv. prosjektkoret m.fl.
Ytre Arna kl. 19. Salmekveld. Svein Ellingsen. Arna og Ytre Arna kyrkjekor.
- Mars 20.** Ytre Arna kl. 19.30. Fastegudsteneste. Res.kap. Sundsbø. Kyrkjekoret. Nattverd.
- Mars. 25.** Maria bodskapsdag — Jer. 33, 14-17.
Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø og reisesekretær Ernst Nilsen. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset. Søndagsskule.
Ytre Arna kl. 11. Sokneprest Nese. Borna sin misjonsdag. Ytre Arna barnekor. Takkoffer til Santalmisjonen. Kyrkjekaffi.
Arna kl. 19. Konsert. «Visst skal våren komme.» Felleskor. Gullfjell trekkspelklubb.
- Mars 29.** Trengeid kl. 1930. Fastegudsteneste. Res.kap. Sundsbø. Nattverd.
- April 01.** 5. s. i faste — Joh. 45-53.
Arna kl. 11. Sokneprest Nese. Takkoffer til Israelsmisjonen. Søndagsskule.
Ytre Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Bjørgvin bispedømmeråd.
- April 04.** Arna kl. 1930. Vi synger påsken inn.
- April 08.** Palmesøndag — Joh. 12, 12-14.
Arna kl. 11. Sokneprest Nese. Takkoffer til kyrkjelydshuset. Dåp.
- April 12.** Skjærtorsdag 1. Kor. 11, 23-29.
Arna kl. 20. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til NKSS.
Ytre Arna kl. 11. Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til F.B.B.
Trengeid kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Takvam kl. 16. Sokneprest Nese. Nattverd.
- April 13.** Langfredag — Mark. 14, 26-15, 37.
Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø.
Ytre Arna kl. 11. Sokneprest Nese.

- April 14.** Arna kl. 2315 Påskenattsgudsteneste. Førstelektor Arve Brunvoll, sokneprest Nese og res.kap. Sundsbø. Samansett kor.
- April 15.** 1. påskedag — Joh. 20, 1-10.
Arna kl. 11. Sokneprest Nese. Takkoffer til Den Norske Sjømannsmisjon.
Ytre Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Den Norske Sjømannsmisjon.
Trengeid kl. 18. Sokneprest Nese. Takkoffer til Israelsmisjonen.
Redningshytta på Gullfjellet kl. 13. Påskeandakt v/Jens Hauge.
- April 16.** 2. påskedag — Joh. 20, 11-18.
Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- April 22.** 1. s. etter påske — Joh. 21, 1-14.
Arna kl. 11. Familiegudsteneste. Res.kap. Sundsbø. Aspirantkoret. Takkoffer til barnehage.
Ytre Arna kl. 11. Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til Det Norske Diakonhjem.
Ytre Arna kl. 17. Årsfest.
Arna kl. 19. Sokneprest Nese. Samtale med konfirmantane.
- April 29.** 2. s. etter påske. — Joh. 21, 15-19.
Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Keryx. Søndagsskule.
Ytre Arna kl. 19. Res.kap. Sundsbø. Samtalegudsteneste.
Takvam kl. 10. Sokneprest Nese. Konfirmasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Takvam kl. 12. Sokneprest Nese. Konfirmasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Kyrkjelydsskulen

Samtalekveldane i Ytre Arna held fram onsdag 14. mars og onsdag 28. mars kl. 19.30. Det vert innleiing og samtale om kommande søndags tekst, og alle er velkomne til å vera med. Ta med matpakke. Kaffi og te vert servert.

Gevinstar

Kyrkjeringen i Ytre Arna har utlodning til inntekt for Kyrkjelydshuset 22.4. Om nokon har gevinstar å gje til denne utlodninga, kan ein kontakta kyrkjekontoret tlf. 24 85 46 eller nokon i kyrkjeringen.

Årsfest i Ytre Arna

Soknerådet innbyr til årsfest søndag 22.4. kl. 17.00. Der vert årsmeldinga og rekneskapet for soknerådet lagt fram. Det vert bevertning og kyrkjekoret deltek med song. Kyrkjeringen vil og ha trekning i utlodninga for Kyrkjelydshuset.



ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Kåre Bj. Hope

Står til teneste med alt ved dødsfall.

Kransebinderi, sløyfetrykkeri.

Annonser, sanger, båretransport.

TLF. 24 08 08

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døypte

Arna sokn:

- 07.01.: Preben Corneliussen Juvik, Erik Hals, Marit Åsgard Eidem, Hanne Aardal Wiktorin.
21.01.: Marina Louise Rasmussen, Julie Lian Sivertsen, Maren Nævdal Mjelde, Simen Mykkeltveit Tunes, Martin Mørk.
11.02.: Patrick Johannessen, Joachim Knutsen Eltvik, Stig Nordland, Kjerstin Kleppe Risvold, Kristin Håheim Nævdal.

Ytre Arna sokn:

- 21.01.: Kaja Mari Bakke Nordvik, Kristine Smaadal.
04.02.: Henriette Kalsås Hansen.
11.02.: Stian Helgeland, Tim Joensen, Anna Klubben Leknessund, Margrete Kjærland.

† Døde

Arna sokn:

- 31.12.89: Gudny Borge f. 1909
18.01.90: Ingolf Mostrøm, f. 1912
20.01.90: Astrid Marie Vevle, f. 1905
02.02.90: Reidar Bruvik, f. 1934
03.02.90: Roald Berent Risti, f. 1937
03.02.90: Birgit Kvilekval, f. 1918
04.02.90: Helga Eikeland, f. 1910
08.02.90: Anna Katrine Mehammer, f. 1899
14.02.90: Ingeborg Johanne Nævdal, f. 1913

Ytre Arna sokn:

- 14.01.90: May Fonn, f. 1923
18.01.90: Olav Skreien, f. 1900
21.01.90: Anna Hjertaas, f. 1917
25.01.90: Stian Berg, f. 1988
03.02.90: Gudrun Kalsås, f. 1900
03.02.90: Hjørdis Olga Grimslund, f. 1906
04.02.90: Else Betty Marie Hansen, f. 1924

Ofringar

Arna sokn:

- 01.01.90: Misjon bak jernteppetkr. 1.232.-
07.01.90: Dronning Mauds Minne kr. 2.827.-
14.01.90: Kyrkjelydshuset kr. 5.573.-
21.01.90: Menighetsfakultetet kr. 1.890.-
28.01.90: Kyrkjelydsarbeidet kr. 1.968.-
04.02.90: Den indre sjømannsmisjon kr. 2.065.-
04.02.90: Norsk Lærerakademi (kveldsmøte) kr. 2.682.-
11.02.90: Bibelmisjonen kr. 4.087.-
18.02.90: Ungdommens Misjonsaksjon kr. 3.504.-

Ytre Arna sokn:

- 31.12.89: Diakoniutvalet i Arna kr. 770.-
07.01.90: Blå kors kr. 718.-
14.01.90: Kristent arbeid blant blinde kr. 761.-
21.01.90: Kyrkjelydsarbeidet kr. 2.160.-
04.02.90: Den indre sjømannsmisjon kr. 940.-
11.02.90: Det norske bibelselskap kr. 1.920.-
11.02.90: Det norske bibelselskap (fellesmøte) kr. 1.654.-
18.02.90: Kyrkjelydsarbeidet kr. 1.080.-



Dåpssøndagar

Det vert høve til dåp i kyrkje-
ne desse søndagane:

Arna kyrkje: 1.4, 8.4, 15.4, 22.4, 20.5.
Ytre Arna kyrkje: 25.3 og 15.4. I Ytre Arna kan ein og ha dåp når det er nattverd: 11.3, 1.4, 22.4.

Takk for god mottaking

Her i kyrkjebladet for Arna vil vi seia ein hjarteleg takk for god mottaking i Arna. Vi har nå vore kringom og møtt kyrkjefolket både i Arna, Ytre Arna, Trengereid og Takvam. Det har vore kyrkjekaffi og mange gode ord alle stader. Hjarteleg takk.

Fam. Nese

Takk

Hjarteleg takk for anonym gåve på kr. 2000,- til Takvam kapell.

Takk

Tunes Indremisjon takker for anonym gåve på kr. 2000,-.

Styret

Basar til inntekt for Kyrkjelydshuset i Arna 31. mars kl. 11-17.

Kyrkjelydshuset er nå kome så langt at me kan skipa til basar i huset.

For å koma vidare i bygginga trengs pengar.

Du er velkomen til å vera med og støtta dette, og du vil samstundes får sjå kva som er gjort, og kva som står att.

Me er takksame for gaver til basaren.

Kyrkjeringane i Arna

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jepsensv. 39: Tlf. 24 85 46.

Kontortid: Tysdag kl. 17.00-18.00.

Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.

KYRKJESKYSS FRÅ HAUKELAND/ESPELAND

Har du trong for bilskysst frå Haukeland/ Espelandområdet til Arna kyrkje kan du ta kontakt med dei som står på lista under:

- | | |
|-------------------------|---------------|
| 04.03: Berit Haugsvær | Tlf. 24 08 15 |
| 11.03: Sverre Myklebust | Tlf. 24 29 05 |
| 18.03: Ingrid Hope | Tlf. 24 08 08 |
| 25.03: Nils Minde | Tlf. 24 01 54 |
| 01.04: Magne Mestad | Tlf. 24 00 14 |
| 08.04: Berit Haugsvær | Tlf. 24 08 15 |
| 12.04: Sverre Myklebust | Tlf. 24 29 05 |
| 13.04: Ingrid Hope | Tlf. 24 08 08 |
| 15.04: Nils Minde | Tlf. 24 01 54 |
| 16.04: Konrad Borge | Tlf. 24 00 31 |
| 22.04: Berit Haugsvær | Tlf. 24 08 15 |
| 29.04: Sverre Myklebust | Tlf. 24 29 05 |

Kristenrussens misjonsprosjekt

Kristenrussen har hvert år et misjonsprosjekt. I år vil vi gi vår støtte gjennom Den Evangelisk Lutherske Frikirke. Vi skal få være med å hjelpe et evangeliseringscenter på Taiwan. Senteret fungerer og som en arbeidsinstitusjon for fysisk og psykisk utviklingshemmede. Disse er i en svært vanskelig situasjon ettersom det ikke eksisterer noe hjelpeapparat i landet.

17. mars kan DU få være med og hjelpe. Da arrangerer kristenrussen bøsseinnsamling. Vi er dessverre ikke sikker på om vi vil nå over hele Hordaland. Dersom noen av dere ikke får anledning til å gi sin gave denne dagen, kan dere sende bidraget direkte til prosjektet: Kristenrussen i Hordaland v/Roger Stokke
Tertneshøgda 22, 5084 TERTNES
Bankgiro 3624.50.55808.

Vi håper du vil være med å gi din gave til dette viktige arbeidet.

MØTER

Indre Arna bedehus:

- 01.03: Nattverdmøte kl. 19.30
02.03: Fredagssamling kl. 18.00
04.03: Møte kl. 19.00. Tale v/Inge Ree.
08.03: Bibeltime v/prof. Ole Øystese kl. 19.30
11.03: Bibeltime v/prof. Ole Øystese kl. 18.00

- Tors. 15.
og søn. 18.3: Ikkje møter.
Vi støttar opp om Kyrkjelydsveka.
17.03: Ungdomskveld kl. 19.30
22.03: Bøne/vitnemøte kl. 19.30
23.03: Fredagssamling kl. 18.00
25.03: Møte v/Musikklaget kl. 19.00.
29.03: Bøne/vitnemøte kl. 19.30
31.03: Det Hvite Bånd
01.04: Familiecaffi
05.04: Nattverdmøte kl. 19.30
06.04: Fredagssamling kl. 18.00
08.04: Møte kl. 19.00
16.04: Møte kl. 19.00
19.04: Eldretreff kl. 17.00
20.04: Fredagssamling kl. 18.00
21.04: Ungdomskveld kl. 19.00
22.04: Lovsangskveld v/Ungdoms-
nemnda kl. 19.00

- 24.-
29.4: Møteveke v/Norsk Luthersk
Misjonssamband.

Ytre Arna bedehus:

- 11.03: Møte
12.-
15.03: Bibelkveldar v/Ola Yndesdal
17.03: Årsmøte v/Indremisjonen
25.03: Song og musikk møte
28.03-
01.04: Møteveke v/Indremisjo-
nen. Talar Arne Soldal.

- 01.04: Familiemøte
05.04: Møte
13.04: Møte
22.04: Nattverdmøte

Betania, Lone:

- 08.03: Nattverdmøte
11.03: Møte v/Indremisjonen
15.03: Møte v/Misjonssambandet
17.03: Basar v/Misjonssambandet kl.
16.00
18.03: Møte v/Misjonssambandet
20.-
25.03: Møteveke v/Det norske misjons-
selskap
30.03-
01.04: Weekend v/BUF
01.04: Eldrefest v/Indremisjonen
05.04: Møte v/Misjonssambandet
06.04: Fredagskaffé
08.04: Møte v/BUF
12.04: Nattverdmøte
16.04: Møte v/Indremisjonen
17.-
22.04: Møteveke v/Samemisjonen
29.04: Familiemøte v/Misjons-
sambandet kl. 16.30

Haugland bedehus

- 06.-
11.03: Møteveke v/Indremisjonen. Talar
Leif Nesheim
13.03: Samtalemøte
18.03: Familiemøte v/Søndags-
skulen kl. 11.00
27.03: Årsmøte v/Indremisjonen
01.04: Møte kl. 11.
12.04: Møte kl. 17.00
24.04: Møte

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.
Redaksjonsnemnd: Audun Stølås, Sylvi Sæle, Ragnhild Rein, Hilde Rohde, Harald Sundsbø, Laila Ueland, Ingvald Straume.
Forretningsfører: Bjørg Hellesøy.
Bladpengar: Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.
Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856
Trykt av Grafisk Forum AS, Ytre Arna.

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossst. 11, tlf. 32 55 50

Alltid til tjeneste

Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.

Pynting av kirke,
konsert- og forsamlingslokaler.

Espeland Gartneri

5230 ESPELAND, TLF. (05) 24 08 09
ARTHUR HOPE

Banken i Arna frå 1866

SPAREBANKEN



- til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV - Elektrisk - Belysning.

Hugs at vi har lavaste pris,
og det De kjøper her
kan De få reparert her.

ARNA ELKJØP AS

Arnatveit - telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største
kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP

FOKUS Bank

Banken i Arna - for Arnafolk,
der alle kundar, store og små,
er hjarteleg velkomne.

FOKUS BANK
avd. Arna

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, kon-
firmasjon og barnedåp.

5260 Indre Arna - Tlf. 24 04 96

DU KAN LEIE HENGERE HOS OSS!

Vi har hengere for

Bil - Båt og
varetransport



ARNATVEIT
AUTO SENTER

TLF. 24 07 40

Utlevering også fra Blomsterdalen
ved J.B. Myklestad.

FASTEBØSSE

Som vedlegg til dette nummeret av Kyrkjelydsbladet vil du finna ei fastebøsse frå Kirkens Nødhjelp. Fastebøssene er ei svært viktig inntektskilde for det omfattande naudhjelpsarbeid som denne organisasjonen driv i det fattige land i verda for å skaffe menneska der mat, reint vatn, betre helsetilhøve og utdanning. Fasteaksjonen vert avslutta 1. mai. Bøssene kan innleverast på prestekontora, under gudstenestene i kyrkjene og i Fokus Bank i Indre Arna.

Biskop Aarflot om fasteaksjonen:

Ei trassig påminning

– Fastetida skal dreie seg om to aspekt. Det eine er å følge Jesu liding fram til frelsa sitt under i påska. Det andre er å bevisstgjere oss sjølve om vårt medansvar for dei som lid i verda i dag.


Oslo-biskopen Andreas Aarflot knytter raskt perspektiva saman når han snakkar om kyrkja si faste. Æveperspektivet og våre liv i verda i dag. — Eg trur fastetida hjelper oss til å sikte livet inn på begge desse områda, seier Aarflot.

– Men har ikkje fasta sitt innhald blitt borte for folk flest?

– Den religiøse dimensjonen over fastetida har nok blitt borte hos mange. Men den let seg fornye. Og fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp kan vere med på det, seier Aarflot, som trekkjer fram tre viktige sider ved fasteaksjonen. Fastebøssene, konfirmantarbeidet og gudstenesta.

– Fastebøssene er som ei trassig påminning til oss i kvardagen om ansvaret vi har for verda si naud. At konfirmantane er med på å samle inn pengar, er ein viktig del av oppsedinga, og aksjonen kan gi fastegudstenestene eit eige særpreg.

Fastetida skulle eigenleg vere ei tid med magert kosthald, eller totalt fråhåld frå mat. Men biskop Aarflot vil nødig at fasteaksjonen skal vere eit plaster på det dårlege samvitet vårt fordi vi et mykje og bruker for mykje pengar på oss sjølve.



Nauda blir stadig større, difro må ikkje gåvene til fasteaksjonen bli mindre, oppmodar biskop Andreas Aarflot.

Foto: NTB

– Kva for ei oppmoding vil du gi til folk før fasteaksjonen i år?

– Vi får stadig prov på at nauda i verda blir større, difør bør ikkje gåvene bli mindre. Det er vårt ansvar å ikkje gløyme dei som lid i dag, særleg i den tida av kyrkjeåret når vi følgjer Jesu liding fram til død og oppstode, seier Andreas Aarflot frå bispekontoret sitt i Oslo.